

Aurland kommune

Det Kongelige Kultur- og Kirkedepartement,  
Postb. 8030,  
0030 Oslo.

## Framlegg til nye forskrifter om skrivemåten av stadnamn--- HØYRING

I brev frå Det Kongelige Kultur- og Kirkedepartement, datert 21.03.06, bed departementet om uttale, m.a. frå kommunane, om utkast til forskrift om skrivemåten av stadnamn.

### *Aurland kommune har denne uttalen:*

Det framlagde utkastet til forskrift har ei enklare utforming enn den tidlegare. Dette er eit steg i rett lei.

Under § 4 i utkastet heiter det: ”Det skal leggjast særleg vekt på det ønsket eigaren har med omsyn til skrivemåte, når den skriftforma han ønskjer ligg innanfor regelverket.” Det har vel vore slik før òg at det skal leggjast stor vekt på meiningar og ønske hjå grunneigarar og dei som bur i området. Men det er mykje bra at dette blir understreka også her.

Det har vist seg at lokal kunnskap og engasjement har hatt ein positiv innverknad på namnesetjing og skrivemåte. Det er difor sær viktig at lov og forskrift blir ei hjelp til å gjera rette vedtak. Stadnamn og skrivemåten av desse viser seg å vera eit viktig reiskap i utviklinga av lokalmiljøet, innan både næring og kultur. Namna og skrivemåten skal vera vegleiande, ikkje villeiande. Folk skal kjenna seg att i ”reisa” mellom skriftleg informasjon, kart og daglegtale.

Lov om stadnamn og forskrift for denne er viktig. Men omsynet til dei lokale tilhøva, til dei som bur på staden og er brukarar av namna, bør ha svært stor tyngde, utan at ein dermed gjer urimelege vedtak, eller vedtak som strir mot regelverket. Utkastet til forskrift peikar i denne leia når me les i presisering under § 4: ”---. Dersom det er vakling i bruken og lokal usemje, skal fråsegna frå eigaren for namn på privat eigedom, eller frå kommunen og andre med uttalerett for andre namn, tilleggjast stor vekt.”

Eit stikkord i alt arbeid med namnesaker, er ordet fornuft.

5745 Aurland, 12. mai 2006-05-12

Arbeidsutvalet for namnesaker

Osvald Turlid  
-form.-

Ingvar Vikesland  
-sekr.-